

Vellukka studietur for 7.klasse.

24.05.2017



Rett etter ankomst Bergen. Kontaktlærar Åse plystra ein gong så var dei flott opplina og klar for dagens program.

Barneskuletida nærmar seg slutten for 7.klassingane på Uskedal skule, og tirsdag hadde dei ein særdeles vellukka studietur som dei har spart til gjennom alle sine 7 skuleår. Turen gjekk til Bergen, og kontaktlærar Åse Neset hadde sydd saman eit særdeles interessant program for dagen.



Øyvind Egaas i TV2 tok flott mot klassen.

I tillegg til kontaktlærar Åse var også mor Kjersti Nilsen Børve og mor Siv Kykjeeide med dei 23 elevane på turen. Uskedalen.no har snakka med både Åse og Kjersti og begge seier at det var ein fryd å reisa med dei flotte ungdommane. Dei oppførte seg heilt eksemplarisk og fulgte alle reglar til punkt og prikke. Kjersti understrekar at den gode kjemien mellom elevar og kontaktlærar nok ein gong kom til syne. Eit bevis på det gode forholdet var det også då Åse var møtt av 4 blide guitar i klassen med ein rosebukett på Torgallmenningen like før heimreise. Den meinte dei ho verkeleg fortente.

Åse Neset fortel at turen fekk ein topp start alt på båten til Bergen. Då var det felles frukost med gode pizzahorn som mor Karin Kjerpeseth hadde laga.

- Dei var aldeles nydelege, heilt ferske og framleis litt varme som dei var! Og det var så mange at vi hadde til returnen og. Vi fekk oppbevara dei på Rødne-båten medan vi var i by'n, fortalte Åse.



Interessann omvisning i TV2.

Første post på programmet var omvisning i TV2. Her vart dei mottatt av kammeraten til Åse, Øyvind Egaas, som har jobba i TV2 frå starten. Før det var han i NRK. Sjølv på denne travle dagen, prega av terroren i Manchester, vart dei svært godt mottatt.

- Vi besøkte både sportsstudio, premier league-studio, nyhets- og verdstudio, men på grunn av hendinga i England fekk vi ikkje følgja ei sending. Derimot fekk vi eit inntrykk av korleis ei slik hending verka inn på arbeidssituasjonen til medarbeidarane, seier Åse og får støtte av Kjersti som syntes det var ei flott og veldig interessant mottaking hos mediagiganter.

Rett frå TV2 bar det mot Ulrikens topp med banen. Spennande og litt nifst for nokre i starten, men alle overvann høgdeskrekken og nytte siste del av turen. På toppen nytte dei både den flotte utsikten i det fine veret og ein betre lunsj for dei tok buss ned att til neste post på programmet, omvisning på Haukeland sjukrehus som Reidar Myklebust tok seg av. Dette vart svært interessant og virkelighetsnært. Utstillinga innheldt verkelege hjernar og andre organ. Dei fekk sjå bryst som var angripne av kreft og hjernar med hjerneblødning. Og foster frå spontanabortar. Sterke saker, men dei hadde heile tida mulighet til å trekka seg tilbake.



Vakker utsikt!



Den flotte gjengen på Ulrikken

Etter dette tok dei bussen ned til by`n. Det var nemleg tid for shopping, og det veit vi at alltid er ein særsviktig programpost på slike skuleturar. Etter det var det retur heim med Rødnebåten og endå meir av Karin`s gode pizzahorn.

Eg er imponert over oppleget, og lurer på korleis dei har klart å finansiera denne flotte turen i desse sparetider og med gratisprinsippet gjeldande. Eg får vita at klassen har spart gjennom ulike aktivitetar i alle sine 7 skuleår. Siste halvåret har dei m.a. vore ivrige med flaskepanting. Til og med lommepengane hadde dei spart opp på denne måten!



Reidar Myklebust hadde mykje spennande og interessant å visa fram.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Kjersti N. Børve